



# Møtebok for Vestre Slidre fjellstyre

Arkiv nr:

Sak nr 29/2022

Møtedato: 23.11.22

Møtestad: Slidre

Saksbehandlar: Kenneth Monsen

## **Uttale frå Vestre Slidre fjellstyre ang styringsprinsipp for utforming av naust**

Naust er eit tilbakevendande tema i fjellstyre-samanheng. Oppføring av naust er ikkje ein bruksrett, men høyrer til under «grunndisponeringstiltak».

Her har fjellstyret uttalerett, medan avgjersle ligg til Statskog.

Seinare år har fjellstyret hatt nokre saker ang naust. Fjellstyret får alle saker om naust til uttale - om dette er til ulempe for evt bruksrettar. Imidlertid er utforming sjeldan ein del av den uttale som fjellstyret skal gje.

I den samanheng kan det vere greitt å gje ei uttale til Statskog på kva retningsliner fjellstyret meiner skal ligge til grunn ved utforming av naust i Vestre Slidre statsallmenning. Dette gjeld då saker ved nybygging samt oppattbygging.

I utgangspunktet er eit naust meint å dekke det behov ein har for båt/fiskeredskaper samt anna tilknytta utøving av fiske. Det vil i denne samanheng kunne vere ein skilnad mellom eit naust tilhøyrande ein innanbygds med rettigheter for garnfiske – kontra eit hyttenaust der ein berre har lov å fiske med stang.

Ein legg opp til uttale for retningsliner for naust tilknytta dei som har garnrett, så får Statskog sjølve vurdera om dette skal praktiserast annleis for dei utan slik fiskerett (sjølvsagt mot gyldig fiskekort).

Ein vanleg båt i dag er 14 fot – dvs 4,2 meter, som er dimensjonerande for storleik. I tillegg må det vere rom for å plassere utstyr gjerne i enden av naustet. For dei med garnrett må det og vere rom for å tørke garn inne i naustet. Dersom det ikkje er fleire eigarar (naust i fellesskap) bør ikkje breidda vere laga til for fleire båtar.

Det bør og vere minst mogleg terrengeinngrep for å kunne plassere naust, slik at oppføring påverkar omgjevnadene minst mogleg. Det inneber at ein bør ikkje tillate støypling av plate, men berre ringmur/stabbestein for å redusere terrengeinngrep.

For å unngå at naust lett kan brukast som/gjerast om til fiskebu, bør det vere minst mogleg vindauge i eit naust. Vidare bør ein heller ikkje tillate isolering av naust, verken i tak/veggar eller golv. Det er eit poeng at det i utgangspunktet vert bygd luftig slik at garn kan tørke.

Utsjånad er viktig – både når det gjeld materialval og fargesetting. Dei fleste naust i dag er utan overflatebehandling, eller med mørk farge. Dette er noko som kan vidareførast. Det same gjeld utsmykking (utskjerte stolpar/...) – få naust frå gamal tid hadde utsmykking og er noko ein bør unngå.

Storleiken er som regel det viktigaste tema. Det er mange ulike naust kring i allmenninga med ulik storleik/utforming. Ein finn det viktigaste er å finne storleik som dekker det behov som er naudsynt, samt at forholdet mellom lengde/breidde og høgde ivaretas. Gesims er og eit moment i dette.

Ut i frå tidlegare drøftingar i fjellstyretilråd administrasjonen følgjande mål:

Høgde: 2,6 m

Breidde: 3,4 m

Lengde: 6,0 m

Gesims: 1,7 m

Følgjande naust er innafor dei oppgjeve mål:



#### Framlegg til vedtak:

Fjellstyret sender følgjande tilråding som eit innspeil til styringsprinsipp for utforming av naust i Vestre Slidre statsallmenning:

Høgde: 2,6 m  
Breidd: 3,4 m  
Lengde: 6,0 m  
Gesims: 1,7 m

I tillegg til anbefaling for ytre mål bør følgjande ivaretakast:

- Ikkje støypt plate, men lågtbyggande ringmur/stabbestein
- Minst mogleg terrengeingrep, som også ivaretak passasje langs stranda
- Ingen isolering i naust, eller andre tiltak som kan gjere dette om til ei fiskebu. Vindu må vere minimalt.
- Ingen overflatebehandling/Jernvitrol eller mørk farge som fargeval.
- Enkel byggestil utan utsmykking/utskjerte stolpar osv.

#### Vedtak:

Fjellstyret sender følgjande tilråding som eit innspeil til styringsprinsipp for utforming av naust i Vestre Slidre statsallmenning:

Høgde: 2,6 m  
Breidd: 3,4 m  
Lengde: 6,0 m  
Gesims: 1,7 m

I tillegg til anbefaling for ytre mål bør følgjande ivaretakast:

- Ikkje støypt plate, men lågtbyggande ringmur/stabbestein
- Minst mogleg terrengeingrep, som også ivaretak passasje langs stranda
- Ingen isolering i naust, eller andre tiltak som kan gjere dette om til ei fiskebu. Vindu må vere minimalt.
- Ingen overflatebehandling/Jernvitrol eller mørk farge som fargeval.
- Enkel byggestil utan utsmykking/utskjerte stolpar osv.

Vedtaket er samrøystes.

Tilråding frå fjellstyret er ikkje enkeltvedtak jf. forvaltningsloven og det er derfor ikkje klagerett over vedtaket.

Vestre Slidre fjellstyre den 24.11.2022

Kenneth Monsen  
sekretær

Utskrift:  
Statskog